

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Kulturhuset, Lesja

Dato: 18. august, 2020

Påmelding:

| Kommune | Medlemmar | Møtt | Varamedlemmar | Møtt |
|----------|------------------------|-----------|-------------------|------|
| Dovre | Frode Faksvåg | x | Inger Marie Aalbu | |
| Lesja | Liv Enstad | x | Einar Utgaard | |
| Lom | Jon Sjurgard | Til kl 16 | Sigrun Garmo | |
| Luster | Eli Merete Hansen Moen | x | Arne Hauge | |
| Fjord | John Helge Larsen | x | Monika Tettli | |
| Rauma | Ingunn Svelle Heinåli | Til kl 12 | Arne Hoem | x |
| Skjåk | Randi Rust | x | Thorstein Åmodt | |
| Stranda | Steinar Aanning | | Torill Ansnes | |
| Stryn | Johan Berge | x | Karoline Hatledal | |
| Vågå | Pål Grev | Frå kl 15 | Karola Wenzel | |
| Sekretær | Tor Taraldsrud | x | | |

Program:

Tysdag 18. august

- 10:00 Oppmøte på kaia i Valldal
10:00 – 14:00 Synfaring Fv63, Valldal-Romsdalen m/lunch ute. Ta med niste. Det blir servert kaffi og bollar. Kjentmann Lars Grønningseter.
14:00 – 15:00 Reise til Lesja
15:00 – 16:00 Møte kulturhuset
16:00 – 17:00 Middag i kulturhuset frå Lesja kafe (Kafe'n og blomsterstugu)
17:00 – 18:00 Pause
18:00 – 20:30 Foredrag om fotrâte v/Malin Reiten, Veterinærinstituttet og CWD v/ Olav Strand, NINA.

Innhald

25. Godkjenning og innkalling av sakliste 2
26. Synfaring Fv 63, Valldal – Romsdalen 2
27. Referatsaker..... 3
27.1. Høyring – kommuneplan Skjåk..... 3
27.2. Høyring – søknad om oppsett av sperregjerde i Tordalen..... 5
27.3. Høyring – bygge om / reetablere vêrstasjon i Breiddalen - Statens Vegvesen..... 7
27.4. Høyring - søknad om oppføring av dagsturhytte - Skjåk Turlag..... 9
28. Tildeling av middel til villreintiltak 2020 13
29. Villreintrådet - fagdag den 21.-22. oktober, Bykle 18
30. Geocaching..... 19
31. Neste møte i nemnda 19
32. Eventuelt..... 19

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Sakliste:


25. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

26. Synfaring Fv 63, Valldal – Romsdalen

Villrein sin arealbruk tidlegare og i dag sett i forhold til menneskeleg ferdsel. Informasjon blir gjeve i samband med synfaringa. Vi hadde synfaring ved Heggen, Gudbrandsjuvet, Grønningsæter (inkl lunch), Øvstestølen og Slettvikane.



27. Referatsaker

27.1. Høyring – kommuneplan Skjåk

Framlegg til revidert kommuneplan for Skjåk - arealdelen er lagt ut til offentleg høyring og ettersyn. Uttale til Skjåk kommune innan 11.juni 2020.

Nye hyttefelt / hyttetomter kan ha konsekvensar for villrein:

I kommuneplanens samfunnsdel (2017-2028) er det nedfelt at kommunen skal satse på nye hyttefelt/hyttetomter. Kommunen har ikkje lagt ut ny område av eige tiltak, men byggjer på forslag som har kome inn.

I planen ligg det forslag om byggeområde for fritidsbustadar i følgjande nye område:

| Nr. | Områdenamn | Tal på tomter | Sum areal daa |
|---------------|---------------|---------------|---------------|
| BF01 | Måsåbakkan I | 53 | 407 |
| BF02 | Måsåbakkan II | 47 | 366 |
| FB03 | Grotli | 30 | 90 |
| Totalt | | 130 | 863 |

Område BF01 og BF02 var i utgangspunktet foreslege av Skjåk Allmenning som eit utbyggingsområde, men i planforslaget er det lagt inn ein grøn korridor langs Måsagrove som deler området i to. Det er kupert og hellande terreng i dei tre områda som er foreslege, og det gjer dei er noko krevjande å bygge ut. Anslaget av tal på tomter er gjort ut frå praktisk utnyttingsgrad i nærliggjande hytteområde med tilsvarande terrengforhold.

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for desse områda (jf. KU kap. 2.3 og kap. 2.4). Eit tema som er diskutert i KU er om hyttebygging i desse områda vil utløyse auka trafikk inn i villreinens leveområder. Ei utbygging i Måsåbakkan vil kunne kome i konflikt med beitebruken i området. Areal vil også miste noko av sin verdi som beiteområde for hjortevilt. For felta i Måsåbakkan meiner administrasjonen at det i første omgang vil vere hensiktsmessig å konsentrere utbygginga nærast Stuttgongen, anten ved at det vestlege område BF02 vert teke ut av planforslaget, eller ved at det setjast ei utbyggingsrekkefølge som slår fast at BF01 skal byggast ut først.

For alle nye byggeområde for fritidsbustadar, er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

Det er altså foreslege byggeområde for fritidsbustader med plass til 130 nye tomter. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for desse områda der det blir pekt på risiko for auka trafikk inn i villreinen sine leveområde. Sørveststamma i Breheimen har sentrale vinterbeiteområde mellom anna i Blankåhaugan som ligg berre 4-5 km i luftlinje frå planlagt hytteområde i Måsåbakkan. På nordsida av Måsåbakkan har villrein i liten grad nytta arealet dei siste åra, men no i vår har villrein kome tilbake i dette området. For villrein på sørvestområdet er det vinter- og vårbeite som er den marginale faktoren. Samstundes er vinteren og våren ei tid da villrein er sårbar for forstyrring. Det er spesielt viktig å styre aktiviteten vekk frå villreinområda på desse tidene av året. Den viktigaste måten villrein beskyttar seg mot fare er å flytte på seg. Auka menneskeleg ferdsel gjer det vanskelegare for villrein å finne uforstyrta område, flukt gir auka forbrenning og mindre tid til matsøk. Villrein er ein arealkrevjande art, skal ein ta vare på den på lengre sikt må ein sette av tilstrekkeleg areal med lite inngrep og forstyrring.

Sørveststamma er frå før pressa i området rundt Grotli (oppsummering av inngrep som påverkar villrein i Grotli-Breiddalen-Tystig området er gjort i NINA-rapport 643. Klypp frå side 71 og 72 er limt inn under). Trekkorridoren på austsida av Heillstuguvatnet ligg nærme hyttefeltet. Enkelte tider på året (t.d. våren) er det mykje ferdsel frå hytteområdet i Grotli og inn i Breheimen. Det er negativt for villrein å legge opp til ei utvikling der trafikken kan auke enno meir. Det er summen av ulike forstyrningar og inngrep som gir negativ effekt på villrein.

Det er usikkert i kva grad villrein blir råka av ei hytteutbygging i desse områda. I følge naturmangfaldlova skal ein ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i alle saker der naturen blir råka, alternativt skal føre-var-prinsippet bli lagt til grunn.

Riksrevisjonen har synt at auka bygging av hytter og vegar i fjellet strir mot måla om å bevare de viktigaste områda for villrein ([Riksrevisjonen Dokument nr 3:11, 2006-2007](#)). Hyttebygging bidrar stort til arealforbruk i Norge. Arealinngrep er generelt årsaken til at ni av ti arter er på raudlista og dermed den desidert største trusselen mot naturmangfaldet i Norge.

Klypp frå NINA-rapport 643:

"Tystigbreen vart teken i bruk til sommarskiaktivitet på slutten av 1960-talet. På Strynefjellet har det heilt sidan 1971 vore alpingsamlingar, der ein brukte eit enklare tautrekk før det store anlegget kom. I 1972 opna Stryn Sommarskisenter på Tystigen på Strynefjellet. Anlegget har hatt stolheis frå 1986. Det har og vore køyrd opp løyper til langrenn/turar på Tystigbreen, noko som gjer at større deler av breen kan verte nytta. I 2009 vart det gjeve løyve til helikopterlandning ved serviceanlegget nede ved Strynefjellsvegen, med innflyging vest frå. Det vart bygd skitrekk ved Grotli høyyfjellshotell på 1970 talet. DNT har sti mot sør som kryssar damkrona på inntaksdammen til det private kraftverket til Grotli i Måråe, denne stien går til Skridulaupbu i Raudalen. I tillegg er det stor utfart av skiløparar mot Skridulaupen. seinvinters/vår. Det er og oppmerkt løype/sti til Danskehytta som ligg nordover frå Grotli. På 1970 talet blir 2 private hytter bygd på sørsida av Heillstuguvatnet. Eigarane byggjer også hengjebri på austenden av Heillstuguvatnet, denne blir liggande midt i reinstrekket. Skjåk Almanning har no teke over ansvaret for hengjebria, grunna den store bruken mellom anna frå hytteeigarar i Grotli-feltet. I 1978 stod den nye heilårsvegen, Rv15 over fjellet ferdig. Med dette auka trafikken gjennom Breiddalen, og det oppstod problem med villrein som kjem ned på vegen om våren for å sleikje salt som ligg att etter salting av vegen om vinteren. Reinen har og kalvingar i området ved vegen enkelte år. Rasteplassen ved Langvasskrysset ligg og ved trekket i vestre del av Breiddalen. Gamle Strynefjellsvegen fekk i 2005 status som Nasjonal turistveg. Dette aukar og trafikken på denne vegen, i perioden den er open frå midten av juni og ut september. I tillegg kan det bli aktuelt med oppbygging av informasjonspunkt langs vegen. Det er og ein del camping i form av telt og bubilar/campingvogner på Gamle Strynefjellsvegen. Skjåk kommune regulerte i 1987 eit hyttefelt på 80 hytter i Breidablikkområdet i Breiddalen, som no er utbygd. Feltet ligg i området før reinen svingar inn Hamsedalen og skal over vadet i Hamsa når dei kjem frå sørvest. I 1988 regulerte Skjåk Almanning eit hyttefelt på 180 hytter sør for Grotli høyyfjellshotell, langs gamle Strynefjellsvegen. Her la Skjåk viltmemnd inn protest, ikkje på grunn av villreinproblematikk, men på grunn av at passasjen for elgen gjennom området og inn langs sørsida av Breiddalsvatnet vart blokkert. Feltet vart redusert med nokre tomter i søre delen der trekket går opp på Vassvendegga, men feltet ligg likevel så nær trekket at reinen kjem inn i hytteområdet under trekka. I 2007 vedtok Skjåk kommune reguleringsplan for Grotli fritidsbustadområde, eit område ved Grotli høyyfjellshotell med plass til 70 hytter. Kommunen var i høyringsrunda bedt av fylkesmannen å presisere arealbruken i øvre del av Billingsdalen. Feltet vart redusert og det vart samtidig sett på andre planar i området. Det er og nokre eldre hytter vest i Breiddalen, og enkelte få hytter langs Gamle Strynefjellsvegen. Det er liten tvil om at villreinen i vestområda er den som har dei største utfordringane i Ottadalsområdet. Ein viser også til rapporten som vart laga av Skjåk kommune i samband med kommuneplanrevisjonen i 2006".

27.2. Høyring – søknad om oppsett av sperregjerde i Tordalen

Kjell Egil Ramstad har søkt Reinheimen nasjonalparkstyre om løyve til å sette opp sperregjerde i Tordalen for beitedyr. Nasjonalparkstyret ber om ei uttale frå villreinforvaltninga.

Søknaden frå Ramstad:

Fra: Kjell Egil Ramstad[ker1966@online.no]
Sendt: 21. mar 2020 22:25:34
Til: Postmottak Fylkesmannen i Innlandet
Tittel: Sperregjerde/Saltsteinsholder

Reinheimen Narsjonalparkstyre

Sperregjerde og Saltsteinsholder

Søker om å få sette opp eit sperregjede i Torsdalen samt ein saltsteinsholder og saltkasse. Eg fikk tildelt ei sæter på Billingen med beiterett og ønsker å ta i bruk Torsdalen . Eg hadde 26 storfe på beite i 2019 men de hadde lett for å komme ned til Billingen og RV 15 . Sperregjerdet er ønskele litt innafor Skitaren (se vedlegg) der er de ein naturleg plass med ei grov stein oppover fjellsida så ein trenger kun eit gjerde på ca 20 meter . Gjerdet er tenkt med permanerte stolpar og liggjande bord som ein tar av utan om beitesesongen . De er ingen andre som beite med storfe i Torsdalen (minst 50 år sia)men ei besetning med sau , så sperregjerdet blir utforma slik att sauene kan gå fritt. Saltsteinsholderen med saltkasse er ønskele lengre inn i dalen se kart . Blir de eit positivt svar så ønsker eg få frakta gjerdesmatrial og salt med snøskuter . Hilsen Kjell Egil Ramstad Nordberg Solside 543 2693 Nordberg

Nasjonalparkforvaltar skriv at det er teke høgde for slike installasjonar i forvaltningsplanen for Reinheimen: *Dersom landbruksnæringa har behov for slike installasjonar, står det i forvaltningsplan (s. 39) at ein må leggje til grunn at slike tiltak er til ulempe for villrein, og skal derfor avgrensast til eit minimum.*

Det er lagt opp til eit sperregjerde på 20 meter. Ein har erfaring frå at villrein kjem forbi dette området på andre plassar (Knut Granum, pers. med). Sperregjerdet vil truleg ha avgrensa negativ effekt på villrein. **For å redusere eventuelle konsekvensar bør gjerdet bli teke ned att etter kvar beitesesong.**

Kart som syner plassering av sperregjerdet på neste side:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

27.3. Høyring – bygge om / reetablere vêrstasjon i Breiddalen - Statens Vegvesen

Søknad frå Statens vegvesen til Skjåk kommune (iht regional plan for Ottadalsområdet skal alle vedtak etter PBL som kan råke villrein på høyring til villreinnemnda):

Til: Brandsar, Øystein <Oystein.Brandsar@lom.kommune.no>

Kopi: Veum John Børre <john.veum@vegvesen.no>

Emne: Spørsmål om søknadsfritak PBL §20-5

Hei

Eg viser til vedlegga. Statens vegvesen ynskjer å byggje om/reetablere vêrstasjonen vi har i Breiddalen på Rv 15 Strynefjellet no i løpet av sommaren/hausten 2020. I dag er vêrstasjonen samlokalisert i Telenor sitt anlegg for mobilsamband. I samband med nødvendig oppgradering er det naturleg å ta den i heilskap ut av sametablring med eit teleselskap. Anlegget vil som illustrert verte 3-delt i struktur i området det dekker – ei 6 meter høg gittermast ved 7 meter frå vegen (slik sett er ikkje vedlagt Rv 52 Hemsedal eksempelfoto representativt), eit driftsbygg m/gittermast 10 meter høg utanfor fresesona i området 35-40 meter frå vegen, og ei 5 meter mast med snømåler (etablert i 2012) i lenger inne i landet vel 80 - 85 meter frå vegen.

Dette skjer på grunn Statens vegvesen disponerer ved eige eller ved leige. Det vil bli gjort leigeavtale med Skjåk allmenning. Avtalen ligg ikkje føre enno, men vi er blitt orientert om at den vil bli underteikna som framforhandla.

Sidan deler av installasjonane er over 5 meter er det i utgangspunktet søknadsplikt etter Plan- og bygningslova.


Vi spør om søknadsfritak med heimel i PBL § 20-5 g) (<https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71/§20-5>) jf. Byggsaksforskrifta (SAK10) §4-1 m/retteiar (https://dibk.no/byggeregler/sak/2/4/4-1/?_t_id=1B2M2Y8AsgTpgAmY7PhCfg%3d%3d&_t_q=frita&_t_tags=language%3ano%2csiteid%3aa8fed669-6208-4354-8fe6-9c93cb91a133&_t_ip=146.2.193.74%3a35282&_t_hit.id=EpiServer_Templates_DIBK_PageTypes_Veiledninger_ParagrafPageType/) – sjå også/eller vedlegg 'Skjermbilder Lovdata og SAK 10 – retteiar)

Vi ber om fritaket fordi mast og driftsbygg er avgrensa installasjonar som vil inngå i etablert infrastrukturmiljø som blir lite endra ved tillegget.

Med helsing
Sven Arild Fedje

I høve til villrein er dette truleg uproblematisk. Ofte er det ikkje dei fysiske tiltaka i terrenget, men bruken og påverknad frå menneske som er utfordringa for villrein. Eg vil tru at vêrstasjonen i stor grad er sjølvgåande. Mykje vedlikehald og mykje ferdsel ved masta er ikkje gunstig. Den viktigaste trekkorridoren for villrein mellom Reinheimen og Breheimen går i Breiddalen. Ofte trekker da villreinen gjennom søre eller nørre Kupa, altså like ved vêrstasjonen. Trekket kan gå gjennom rasteplassen (synt med blå sirkel i kartet under). Plasseringa av denne er uheldig med tanke på villrein. På sommaren ser ein ofte mange bubilar her, med opphald og ferdsel av folk. Denne ferdselen skulle ein gjerne ha kanalisert til ein annan plass. Det er viktig at avkøyring til vêrstasjonen blir utforma slik at det ikkje blir enno ein plass som trekker folk og bubilar i dette området.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen




27.4. Høyring - søknad om oppføring av dagsturhytte - Skjåk Turlag

Skjåk Turlag ynskjer å føre opp ei enkel dagsturhytte vest for Bispberget i Skjåk. Lokaliteten ligg ved stigdelet etter Gamal-Hansvegen der stigen deler seg mot Vikhø og Bispberget (om lag 1000 moh). Plasseringa er vist i karta under: Villreinnemnda hadde uttale til oppføring av tilsvarande dagsturhytte på Bispberget (sak 11-19). Det er denne dagsturhytta som ein ynskjer å bygge ca 3 km lengre vest i staden. Ny plasseringa er litt lengre unna der ein normalt treffer på villrein. Slik sett er den nye plasseringa betre.



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10





Det er turstigar som går i nærleiken med åtkomst frå Bismo. Lokaliteten ligg innanfor nasjonalt villreinområde og eventuell bygging må derfor bli vurdert iht regional plan for Ottadalsområdet. I planen er dette området sone A3: «Nasjonalt villreinområde der friluftssyn tilseier at det kan gjerast tilretteleggingstiltak». Hovudtrekk i retningslinjer for sona: «Viktig friluftsområde sør for Aursjoen i Skjåk der stigar og installasjonar skal kunne haldast ved like, men der det bør visast varsemd ved utviding av stignett og oppføring av nye installasjonar».

NINA Rapport 643 «Villreinen i Ottadalen» brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar med ulike problematikar knytt til reinens behov: Følgjande er skrive om Fokusområde Bispperget:

Tangen som er avgrensa av den regulerte Aursjoen i nord og Aursjovegen i vest har tidlegare vore ein trekkveg aust-vest. Etter kraftutbygginga i 1965 vart dette trekket sterkt avgrensa på grunn av dammen og røyrgata i aust. Området er heilårsbeite for reinen, men har vore lite brukt som vinterbeite sidan midt på 1990-talet.

Aursjovegen som går til dammen i austenden av vatnet er open for ferdsel i sommarhalvåret. Dette er einaste opne vegen inn på nordfjellet i Skjåk og er derfor mykje brukt. Det ligg fleire fiskebuer langs Aursjoen, men få på sørsida. Det er parkeringsplassar langs vegen med toalett både i aust- og vestenden av vatnet. Det er anlagt ein kultursti frå allmenningshytta austover til Flåtåtjønn som blir brukt i perioden juni-oktober. Det er mange tjønner på Bispperget som blir brukt til magasin for vatningsanlegg og med vassvegar som går sørover og ned i bygda. Området kan nåast lett frå vegen, og det vart freda for jakt i 2011 og inntil vidare på grunn av stort jaktpress og avgrensa fluktvegar for reinen.



Ut i frå dei retningslinene som er gjeve bør ein vurdere kva effekt bygging av dagsturhytte vil ha på ferdsla i området før ein eventuelt gir løyve. Sjølve hytta blir liggjande heilt i sørkanten

av sone A3. Den er teikna til 10,81 m² og har ikkje rom for overnatting. Ei slik hytte vil ofte trekke til seg ein del folk og det blir ein del menneskeluft i området. Det kan påverke arealbruken til villrein. Sidan dagsturhytta ikkje har rom for overnatting vil den neppe føre til at folk går lengre innover i villreinområdet enn dei har gjort tidlegare. Slik sett vil den kanskje ha avgrensa effekt på villrein. Men det kan vera negativt for villrein om denne hytta blir eit trekkplaster slik at det blir mykje auka trafikk her. På ei anna side er det betre for villrein om folk går frå bygda og opp til denne dagsturhytta, enn at dei køyrer til Aursjoen og startar turen frå der. Mest truleg vil denne hytta generere mest trafikk frå bygda, der altså nesten heile turen går utanom villreinområdet. I så fall vil dagsturhytta også vera positivt med tanke på villrein.

Da villreinnemnda handsama sak om dagsturhytte på Bispberget i fjor ynskte vi at det vart stilt krav om avbøtande tiltak der stigmerkinga til Skamsarkampen og Einingstjønn vart fjerna. Med den nye plasseringa er desse tiltaka mindre aktuelle. Dagsturhytta blir liggjande nærmare Aursjovegen og kulturstigen der ein fra før har tilrettelagt for meir ferdsel. For villrein er det betre å konsentrere ferdsla langs Aursjovegen enn å spreie den utover heile området sør for Aursjoen. Kopi av vedtaket frå 2019 er limt inn under til orientering:

Vedtak i 2019: Villreinnemnda er positive til oppføring av dagsturhytta men ynskjer at det skal bli stilt vilkår for oppføringa for å ta omsyn til villreinen. Ynskjeleg at dagsturhytta skal få besøk via stigen frå Bismo. Ferdsla vidare nordover mot Aursjoen bør bli redusert.

Vilkår:

- Fjerne den merkinga som går opp på Skamsarkampen (den delen som er markert med gult i kartet over).
- Fjerne den merkinga som går frå Bispberget til Einingstjønn (den delen som er markert med gult i kartet over).
- Redusert tilrettelegging elles i området.

Innstilling: Villreinnemnda er positive til oppføring av dagsturhytta.

Handsaming: Utsendt på e-post til AU.

Vedtak: Villreinnemnda er positive til oppføring av dagsturhytta.

Innstilling: Referatsakene er tekne til orientering. Samrøystes.

Vedtak: Gjere konklusjonen i referatsakene tydelegare. Referatsakene er tekne til orientering. Samrøystes.

28. Tildeling av middel til villreintiltak 2020

Villreinnemnda har kr 191.632,- til utdeling i 2020

Nemnda lyste ut fylgjande:

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.20.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnader og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Det har kome inn to søknader – sjå under:

1. Villreinutvalet – søknad om tilskot til villreinutvalet sine forvaltningsoppgåver. Søknadsbeløp kr 682.000,-
2. Dombås skole – formidling av kunnskap om villrein til skuleelevar – kr 17.000,-

Vurdering

Villreinutvalet står for mykje av den praktiske forvaltninga gjennom året. Deira innsats er avgjerande for å ha ei god forvaltning av villreinstamma. Dei bør derfor få brorparten av tilskotsmidla.

Det er positivt at Dombås skole er flinke til å formidle kunnskap om villrein til sine skuleelevar. Dette er eit bra prosjekt som ein ynskjer å støtte. Samstundes er det avgrensa med middel og potensielt mange skuleelevar som gjerne skulle fått formidla kunnskap om villrein.

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Aktiviteten til villreinutvalet er avgjerande for ei god forvaltning av villreinstammen. Aktiviteten blir dokumentert gjennom årlege rapportar. Kunnskapsformidling er avgjerande for å få folk til å ta vare på villreinen sine leveområder.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var prinsippet er ikkje relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Positivt for økosystemet med kunnskapsformidling om og god forvaltning av villrein.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Aktiviteten til søkerane blir vurdert som miljøforsvarleg.

Kopi av søknadene er limt inn under:

Reinheimen*Breheimen**Villreinnutvalget*

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen
V/ sekretær Tor Taraldsrud
Moavegen 30
2690 Skjåk

Soknad om økonomisk tilskudd til villreintiltak i villreinnutvalgets regi i 2020

- | | | |
|---|--|---------------------|
| 1 | En av utvalgets primæroppgaver er å gjennomføre villreinjakten på en tilfredsstillende måte. (Se budsj. 2020, side 32 i årsm. for 2019) Utgifter til jaktoppsyn inkl. sambandsutstyr antas å bli: | kr 357.000,- |
| 2 | Vintertelling (minimumstelling) og kalvetelling utføres fra småfly - helikopter, strukturtelling, forv. utgifter. (Se budsjett i årsm 2019) | kr 150.000,- |
| 3 | Tilrettelegging, egeninnsats og systematisering av data vedr. Registreringer av Villreins områdebruk, informasjon til «Kvalitetsnorm for villrein i Norge» mv. | kr 25.000,- |
| 4 | Administrasjon, sekretær utgifter, møter mv | <u>kr 150.000,-</u> |

Sum budsjetterte utgifter **Kr 682.000,-**

Villreinnutvalgets bank: 2085.64.27448

Årsmelding, med revidert regnskap for 2020, vil som vanlig bli oversendt villreinnemnda når den foreligger våren 2021.

Skjåk, den 20. mai 2020

Knut Granum (sekr.)

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen
Moavegen 30
2690 Skjåk
tor.faraldsrud@skjaak.kommune.no

SØKNAD OM TILSKOT

Dombås skole er ein barneskole med 97 elevar og 18 tilsette i Dovre kommune. Vi driv fleire prosjekt som styrker kunnskapen om villreinen både i nåtid og fortid. Ungane tykkjer det er spennande å vere med på tur til Hågåsetre og Veslehjerkinn med naturveiledarane på Villreinsenteret på Hjerkin. Vi har og fleire andre tiltak som vi tek nærare for oss nedanfor.

Mange av dei tiltaka vi har sett i verk tærer hardt på budsjetta våre. Vi søker derfor Reinheimen- Breheimen villreinnemnd om midlar til å drive dette arbeide vidare.



7.klassingane ved Dombås skole et alltid nygrilla røye på Storrvatnet etter at dei har teke opp garna.
I 2018 vart det kjempefangst!

Tiltak 1: 4.klasse:

Jemaldertur til Avsjøen der vi ser på gamle buplassar, menneskegraver, fangstsystem for villrein og beverhytte.
Elevane har med seg sitteplate av tova ull som er eit av ledda i førebuinga til turen.
Undervegs blir det og laga pil og boge.
Dette året hadde vi med også oss naturveileder frå Villreinsenteret på Hjerkin, til Veslehjerkinn der vi såg på fangstgroper og den gamle buplassen på Veslehjerkinn.

Tiltak 2: 6.klasse:

Tur til Hundyrju der vi kombinerer lavekksjursjon med formidling av kunnskap om det store fangstanlegget for rein som strekkjer seg frå Hundyrjubekken til Vålåsjøberget, eit av dei største samanhengjande fangstanlegga i landet.

Dette anlegget vart brukt under dei store hovedtrekk som gjekk føre seg haust og vår, og som no ikkje eksisterer lenger fordi jernbane og veg har vorte ei barriere som reinen sjeldan kryssar.

Tiltak 3, 7.klasse:

Tur til Storrvatnet og Gravhø med garnfiske og overnatting. Vi er så heldige at Dovre fjellstyre stiller bu og naust ved Storrvatnet til fri disposisjon. Her set vi garn og lagar til ein skikkeleg frokost med grilla fisk om morgonen.

På ankomstdagen har vi ekskursjon til "Storgrave" i Gravhø der vi demonstrerer korleis dette anlegget fungerte. Vi ser på korleis reinen trekte mot grava, stolpehola som danna "rusa" inn mot grava og båpgåstelle. Vi pratar også om kvar fangstfolka heldt til, og at det er funne gamle steinhus nær Haverdalssetrene, noko som tyder på at det budde folk permanent i området.

I Gravhø leitar vi oss også fram til enkeltgravene i området, blant anna "grav 380" (Barth-registrering), som er ei av dei best bevarte gravene i Norge.

Vi held oss i dette området utover ettermiddagen og kvelden og lagar middag på bål dersom

veret tillet det. På veg attende til buene tek vi gjerne ein tur innom "Bu", restane av ei steinbu som må ha vore brukt som tilhaldsstad medan fangsten pågjøkk.



Elevar frå Dombås skole i «grav 380», Gravhø, Rondane. Dette må vere ei av dei best bevarte fangstgropene i heile fjellnorge!

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

17

| Budsjett, Dombås skole. | | |
|-------------------------|-----------------------------------|-----------|
| 1. Jernaldertur: | Transport, Dombås - Avsjeen t/r | 4000,00 |
| 2 Veslehjerkinn | Transport, Dombås - Hageseter t/r | 4000,00 |
| 3. Tur til Hundyrju | Transport | 2000,00 |
| 4. Tur til Gravhø | Transport | 5000,00 |
| | Til saman: | 17 000,00 |

Håper på imøtekomande svar frå Villreinnemnda for Reinheimen-Breheime Dette er opplegg som har gått på Dombås skole i mange år, og kanskje har dette ført til at nokre av våre tidlegare elevar i dag er aktive reinjegarar. Når elevane siste skoledag i 7.klasse skal fortelje om noko dei hugsar frå sine 7 år på Dombås skole, trekkjer fleire av dei fram fjellturane våre, og då spesielt Storrvassturen.

Dombås skole 26.mai 2020


Arild Killi
rektor

Vedtak:

1. Kr 186.632,- i tilskotsmiddel for 2020 blir overført til villreirutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 5000,- i tilskotsmiddel for 2020 blir overført til Dombås skole, Smiuvegen 4, 2660 Dombås, konto nr: 2065.07.00008.

29. Villreinrådet - fagdag den 21.-22. oktober, Bykle

Saksa frå e-post frå sekretær i villreinrådet:

Styret i Villreinrådet har endelig gleden av å invitere alle til årets fagdag, fra 21. – 22. oktober (fra lunsj til lunsj). Fagdagen ble som kjent utsatt pga den uavklarte situasjonen med korona.

Samlingen avholdes på Bykle hotell i Bykle. Det er som alle vet fortsatt behov for å ha noen tiltak knyttet til korona, og hotellet vil ta de hensynene som trengs og i tråd med løpende anbefalinger. Men det går ikke utover oppholdet. Tvert om så legges det nå opp til en ekstra fin middag med flere retter, servering og god drikke til maten. Så vi håper at dere er klar for dette nå!

I år har styret blant annet valgt å legge vekt på den store utfordringen knyttet til hyttebygging i villreinområder. Vi får flere eksempler og foredrag knyttet til den problematikken. Vi får også informasjon om de lokale villreinområdene Setesdal-Ryfylke og Setesdal-Austhei, om lokal «adaptiv» løypeforvaltning og om verdiskapingsprosjektet Fjellreinskolen. Og det blir en befarung ut til området Store Urar med god orientering fra Norsk Villreinsenter. Også på bussen så vil det være «korona-tiltak» og med god plass til alle. Før middag så blir det noen smakebiter fra Setesdalskulturen og visstnok med både stev og dans.

Det er mye nytt som skjer innenfor villreinforvaltning nå – og spesielt med tanke på kvalitetsnormen som akkurat er vedtatt av regjeringen. Politisk ledelse i Klima – og Miljødepartementet vil være tilstede og holde innlegg, og Miljødirektoratet, samt Landbruk – og Matdepartementet vil orientere om alt det nye som er på gang. Vi får også en oppdatering på det som skjer og har skjedd innenfor vilthelse.

Total kostnad (inkludert fullpensjon, tre-retters "festmiddag" m. drikke/vin, to lunsj, busstur og møtemat) kommer på kun 2 500,-

Påmeldingsfrist 1. oktober.

Program:

<https://static1.squarespace.com/static/530364efe4b0c37a4004ec79/t/5f06f721bcae5e1803b7de1f/1594292003404/Program+fagdag+villrein+2020.pdf>

Kopi av vedtaket vi gjorde iht deltaking på fagdagen under vårt møte i april:

- | | |
|---------------------|--|
| Innstilling: | Sidan det blir avgrensa med møtekostnader fyrste del av året er det truleg økonomisk opning for at fleire av (alle) medlemmane i nemnda kan delta på fagdagen. |
| Behandling: | Villreinrådet legg opp til fagdag i veke 43, rundt 20.-22. okt. Det kan vera aktuelt å køyre saman med folk frå andre villreinområder. Det er aktuelt å ha eit nemndsmøte i samband med fagdagen. Om nokre medlemmar ikkje har høve til å vera med på fagdagen kan dei evt vera med digitalt på nemndsmøtet. Oppstartsmøtet er for både medlem og vara, viktig at også varamedlemmane har høve til fagleg oppdatering. |
| Vedtak: | Opne for at både medlem og varamedlem har høve til å delta på fagdagen om dei ynskjer det. Samrøystes. |
| Vedtak: | Påmeldte: Pål Grev, Johan Berge, Liv Enstad, John Helge Larsen, Jon Sjurgard, Frode Faksvåg, Tor Taraldsrud, Eli Hansen Moen, Arne Hoem Transport: Buss (i annankvart sete)? |

30. Geocaching

Spørsmål frå forvaltar i Reinheimen NP:

Hei

Eg har fått e-post frå ei som ønskjer å legge ut geocach på Hurrungen. Dette er jo ein nokså «lyssky» turaktivitet, men det er ei form for organisert tilrettelegging via nettet, som kan generere noko meir ferdsel. Forvaltningsplan for Reinheimen har ikkje regler for geocach, men forvaltninga må vurdere om tiltaket kan skade landskap og naturmiljø, jf. verneforskrift §3, pkt. 5.2, Organisert ferdsel:

«Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.»

Eg vil derfor høyre om de ser utfordringar med ei geocach på Hurrungen, mht villrein sin bruk av området.

Med helsing

Kristine Sørli

nasjonalparkforvaltar

Svar frå sekretær i nemnda:

Hei

-Er i utgangspunktet skeptisk til tiltak som genererer meir ferdsel inn i viktige område for villrein. Ser heller at slike tiltak blir gjort i randområda. Ikkje sikkert dette generer noko særleg ferdsel og at det ikkje er noko problem? Men greitt å vera før var.

Vi kan gjerne ta ein diskusjon på det i møte i nemnda den 18. aug,

Helsing

Tor

Vedtak: Bør vera forsiktig med tiltak som genererer meir ferdsel inn i viktige område for villrein. Bete at slike tiltak blir gjort i bygdenære område eller i randsona der konflikten er mindre.


31. Neste møte i nemnda

Vedtak: Møte på Sota sæter i Skjåk. To-dagarsmøte. Fre-laur 18.-19. sept evt. 25.-26. sept.

32. Eventuelt

Innstilling:

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær